



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering Sykkylven sjøfront - BS22

Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til oversending datert 06.02.2023 med revidert planforslag for detaljregulering Sykkylven sjøfront, BS22.

Statsforvaltaren fremma ved 1.gongs høyring motsegn til planforslaget fordi støy ikkje var tilstrekkeleg avklart.

Støynotat er no oppdatert i tråd med vår tilbakemelding. Føresegnene er justert slik at det ikkje er opna for støyfølsamt bruksføremål innafør F/K/T.

Vi **trekker motsegna** vi fremma i brev av 11.01.2023.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATENS VEGVESEN
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 1010 Nordre Ål
Postboks 2500

2605 LILLEHAMMER
6404 MOLDE